

Referat frå FAU møte mandag 20. november 2017

Til stades:

8B: Øyunn Åsmul Færøy/Birthe Kvalø

8C: Kenneth Toft

8D: Beathe Iren Nilssen

9A: Arne Ramslien (leiar)/Eirik Eknes

9B: Sølv Storsæter Bjørgum

9C: Anette Arvidsson Pettersen

9D: Eli Storsæter

10A: Bjørn Ove Isaksson

10C: Lisbeth Toppe Alver

10D: Ann Kristin Legernes

Olaf Hella (Rektor)

Forfall:

8A: Carl Endre Espeland

10 B: Erik Sakslo

Saker

1. Orientering om kommunalt FAU og SU

Det ble informert om kommunal FAU. KFAU består av representanter fra alle ungdomsskolekrinsane, private og offentlige barnehager og skolene.

KFAU skal være et bindeledd mellom kommunen og foreldreutvalgene og ta opp saker av felles interesse.

SU gjennomgjekk verksemdsplan for skuleåret. Skolemiljøutvalet tek opp alle saker som angår skolemiljøet til elevane.

2. Informasjon frå rektor, Olaf Hella:

Ny rektor ved KNUSK.

Willy Tangen blir ny rektor og begynner 1.mars. Monica Reigstad blir konstituert rektor fram til det.

STYRK i Lindås kommune

Styrk er staten og Utdanningsdirektoratets nye satsing for å styre arbeidet med kvalitet i skulen, spesielt tidleg innsats. I Lindås er

det først fase overgangen mellom barnehage og skule det vert arbeidd med.

Status svømmetilbudet ved KNUSK/bassengsituasjonen

Bassengtilbud til dei minoritetsspråklege ved skulen, med statleg økonomisk støtte. Eit læringsmål for 10.kl. er at elevane skal kunne utføre livredning. Dette er eit mål som ikkje kan nåast utan svømmetilbud. Kva gjer skulen med det?

Vi kan sende eit brev til rådmannen om dette. Eit slikt brev kan komme frå FAU, SU og kommunalt FAU. Arne, leiar av FAU, lagar eit utkast til brev.

Om mat på skulen- spørsmål frå kommunalt FAU om det vert lagt til rette for at elevane et lunsj

Rektor fortel at elevane har eit kvarter lunsj i klasserommet med lærar etter 3.time. Dei kan bestille mjølk. Skulen vurderer å utvide lunsjen til 20 min i tråd med Helsedirektoratets tilråding. FAU går inn for 20 min. lunsj.. Rektor bringer det vidare til elevrådet. Elevane har tilgang på «nødrasjon» dersom dei ikkje har mat med seg.

Mobilhotelli- erfaringar med ordninga

Gode tilbakemeldingar på denne ordninga, best på 8.trinnet. 10.kl arbeidslivsfag lagar prototype til mobilhotell.

3. Eventuelt

Bussaka frå i fjar

Borna som tek buss må stå på bussen i frå Alversund til skulen. Dette har blitt tatt opp fleire gonger og det er meldt om bedring. Likevel kjem det fortsatt melding om at elevar står på bussen. Avisa Nordhordaland er blitt kontakta og vil skrive om saka. Kva er regelverket? Kva kan vi foreldre gjere? Kva tiltak kan vi sette i verk? Rektor og leiar av FAU sender eit brev til Skyss, med kopi til kommunen og Nobina. Vi avventar å kontakte avisar igjen. Ta opp busskultur som eit tema i elevrådet. Rektor tek ansvar for det.

Sterk og klar

Betre informasjon ut til foreldra om kva dette går ut på. Invitasjon til temakveld bør sendast via skulen. Rektor tek kontakt med sekretær i Sterk og klar og ber om å få tilsendt informasjon og invitasjon til temakveldane i god tid i forkant, slik at skulen kan sende ut denne til foreldra.

Fokus på psykisk helse-kva gjer skulen?

Ung data-undersøkinga viser at fleire jenter melder om psykiske plager.

Skulen har ulike tiltak:

«Bry deg»-paraden, klasseregler, bli kjent aktivitetar, hemmeleg ven, temaveke «vi samarbeider og inkluderer alle»; MOT til å glede dagen, klassefrukost, regnbogedag, elevundersøking (den blir i år gjennomført på 10. trinn mot 8.-10.trinn tidlegare.)

Før jul er det psykisk helse dag med avslutning med graut. Tilbod om julegudsteneste 19.des. Tidlegare skuleball skiftar namn til skuledans og skal ha kåring av nokon som gjer noko bra for andre i staden for kåring av dei finaste og dei kulaste.

Skuletur i 10.klasse

Dersom elevane ønskjer skuletur i 10.kl er det foreldra som har ansvar for å arrangere den og turen må leggast utanom skuletid.

FAU møteplan for våren:

8. januar, 13.februar, 19.mars, 23.april

Skrivar

Eli H. Storsæter